

# JORAMO BYGDEALMENNING

## ÅRSMELDING FOR 2014

### ADMINISTRASJON

#### **Styre før ålmenningsvalet 23. april 2014:**

<i>Tor Ivar Hovhaugholen - leiar</i>	<i>(2010 – 2014)</i>
<i>Birger Brækken – nestleiar</i>	<i>(2010 – 2014)</i>
<i>Eva Marit Nordlie</i>	<i>(2010 – 2014)</i>
<i>Egil Killi</i>	<i>(2012 – 2016)</i>
<i>Øivind Groven</i>	<i>(2012 – 2016)</i>
<i>Irene Amundgård</i>	<i>(2012 – 2016)</i>

#### **Varamedlemer 2010 – 2014:**

- 1. Dag Siljehaug*
- 2. Tor Bøe*
- 3. Pål-Lasse Torstad*

#### **Varamedlemer 2012 -2016:**

- 1. Tore Amundgård*
- 2. Morten Hovhaugholen*
- 3. Brit Elin Gråberg*

#### **Styre etter ålmenningsvalet 23. april 2014:**

<i>Tor Ivar Hovhaugholen - leiar</i>	<i>(2014 – 2018)</i>
<i>Birger Brækken – nestleiar</i>	<i>(2014 – 2018)</i>
<i>Pål-Lasse Torstad</i>	<i>(2014 – 2018)</i>
<i>Egil Killi</i>	<i>(2012 – 2016)</i>
<i>Øivind Groven</i>	<i>(2012 – 2016)</i>
<i>Irene Amundgård</i>	<i>(2012 – 2016)</i>

#### **Varamedlemer 2012 -2016:**

- 1. Tore Amundgård*
- 2. Morten Hovhaugholen*
- 3. Brit Elin Gråberg*

#### **Varamedlemer 2014 – 2018:**

- 1. Håvard Syse*
- 2. Konrad Eithun*
- 3. Dag Siljehaug*

#### **Valkomitè:**

*Bjørn Ødegård*  
*Reidar Brækken*  
*Ellen Marie Sørungård Syse*

#### **Varamedlem til valkomitèen:**

*Tor Egil Selsjord*

#### **Dovre elgutval:**

*Tor Ivar Hovhaugholen*

#### **Jorkvitlan grunneigarlag:**

*Tor Ivar Hovhaugholen*

#### **Revisor:**

*Ola Jakob Myhre, PricewaterhouseCoopers AS Lillehammer*

#### **Kontor:**

*Narve Tveiten (40% stilling - ålmenningsstyrar)*

Det er halde 7 styremøte og 43 saker er behandla. I samband med styremøte i juni var styret

på befaring i Jorkvitlan for å sjå på skader etter flom dei siste to åra. *Ola John Brækken* (Jorkvitlan Grunneigarlag) deltok på befaringa. I tillegg var det befaring etter Gardsendvegen og Brannvegen Nord. På denne befaringa deltok *Ola Håkon Korsvoll*.  
Årsmøte med val vart halde på Joramo Næringstun 23. april med to bruksrettshavarar, fem styremedlemer og styrar til stades.

## **SPESIELLE STYRESAKER I 2014**

### ***Avtale med Korsvoll Maskin om ny skogsbilveg***

Styret har inngått avtale med Korsvoll Maskin om ny skogsbilveg mellom Gardsendvegen og planlagt masselagringsplass i tidlegare Grønbogen Pukkverk. Ålmenninga vil ha nytte av vegen i form av innsparing i driftskostnader ved tømmerdrift og som alternativ adkomst til Tunneltaket. Saubrue på Grønbogvegen har eit tillate akseltrykk på tre tonn og er for svak for dagens skogsmaskiner og tømmerbilar.

### ***Revisjon av reglar for seterbruk***

Styret har endre reglane for seterbruk i Joramo bygdealmenning slik at det ikkje lengre er krav om mjølkeproduksjon for å få utvist seter.

### ***Tomt til ny brannstasjon for Lesja og Dovre***

Styret har inngått festekontrakt med Dovre kommune om tomt til ny brannstasjon for Lesja og Dovre. Tomta er på 6,6 da og ligg rett ovanfor Joramo Næringstun.

### ***Tilsetjing av ny ålmenningsstyrar***

*Solfrid Marie Lien* er tilsett som ny styrar i Joramo bygdealmenning etter Narve Tveiten som sluttar i stillinga 15. april 2015. Det var tolv søkjarar til stillinga.

## **BRUKSRETT**

Pr. 31.12.2014 var det 111 bruk i Lesja og 49 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmenning, i alt 160 bruk. Det er inga endring i høve til 2013.

Det er utbetalt kr 249.117 i *bruksrettsytingar* og kr 51.966 i *tilskot* til bruksrettshavarar, totalt kr 301.083. Dette er 88% over gjennomsnittet for dei tre føregåande åra.

Det er *utvist ved* på rot til 18 bruksrettshavarar - volum ca 60 m<sup>3</sup> bjørk og i tillegg ein furuhogst.

Oversyn over *beitebruk* (fjorårstal i parentes):

663 søyer og 1203 lam, totalt 1866 (1867) vart sleppt på beite i ålmenninga. 28 (47) søyer og 86 (126) lam gjekk tapt. 6 søyer og 24 lam vart påkøyrd av tog, elles er det vanskeleg å si noko om tapsårsak pga manglande dokumentasjon.

I tillegg vart det sleppt 136 (148) storfe. Ingen dyr tapt.

Det nye sankeanlegget til Jora Beitelag stod klar til bruk under sankinga 2014.

## SKOGENS DRIFT

### *Skogkultur*

Det er utført *markberøing* på hogstfelt mellom Stålanvegen og øvre lina Dovrebanen frå siste års drift ( ca 90 da).

### *Skogsdrifter sesongen 2013/-14.*

Det har vore to skogsdrifter på vårparten 2014:

1. Frørestillingshogst mellom Stålanvegen og øvre lina Dovrebanen (ca 1.400 m<sup>3</sup>)
2. Hogst etter vegtrasè mellom Gardsendvegen og tidlegare Grønbogen Pukkverk (ca 200 m<sup>3</sup>)

### Resultat av skogsdrift 1:

#### Inntekter

Sortiment	Volum m <sup>3</sup> :	Verdi:	Pris pr. m <sup>3</sup> :
Massevyrke furu	753,33	147066	200,00
Furu sagtømmer	575,98	262602	455,92
Furu sagtømmer utlegg	42,86	7931	185,04
Furu sagtømmer	60,46	14873	246,00
Vraket virke	5,20	0	0,00
Furu lengeavdrag	1,38	0	0,00
Furu diameteravdrag	2,26	0	0,00
<b>Brutto totalt</b>	<b>1426,12</b>	<b><u>432472</u></b>	<b><u>303,25</u></b>

#### Utgifter:

Driftsutgifter	1414,63	196633	139,00
Måleutgifter	1422,28	6096	4,29
Avvirkningsavgift	0,00	6922	0,00
FOU-avgift	1414,63	1412	1,00
<b>Sum utgifter</b>		<b><u>211063</u></b>	<b><u>148,00</u></b>
<b>RÅNETTO</b>		<b><u>221409</u></b>	<b><u>155,25</u></b>

Under kraftig vindvær i haust, bles det overende rundt 60 frøtre på hogstfeltet (drift1). Det har vore drift på desse vindfalla før jul, og det meste er framkøyrtil bilveg. Resten blir framkøyrtil til våren. *Mjøsen Skog* har fått *Olav Brendjord* og *Alf Peter Berg* til å ta på seg denne drifta.

## JAKT

### *Elg- og hjortjakt*

Hjortjakt	Lag:	<i>Øyvind Holen</i>
	Kvot:	1 fritt dyr og 1 eldre dyr
	Utvida jaktid:	Fram t.o.m. 20. desember
	Felling:	Ingen

Fjellfeltet Lag: *Lars Engen*  
 Kvote elg: 1 eldre ukse, 1 eldre kolle og 1 kalv/ungdyr  
 Felling elg: 1 voksen ukse (253 kg) og 2 ungdyr ukse (147 kg -113 kg)  
 Felling hjort: 1 kalv (21 kg)

Skogfeltet Lag: *Jan Petter Ølstadløkken*  
 Kvote elg: 1 eldre kolle, 1 yngre ukse og 2 kalv/ungdyr  
 Felling elg: 1 voksen ukse (205 kg), 1 vakse kolle (167 kg), 1 ungdyr ukse (130 kg) og 1 ungdyr kolle (99 kg). Tilleggsdyr: vakse kolle (ikkje felt)  
 Felling hjort: Ingen

### **Småviltjakt**

Oversyn over kortsal:

<b>Korttype:</b>	<b>Prisar (u.b./i.b./br.r.)</b>	<b>Utanbygds:</b>	<b>Innanbygds:</b>	<b>Bruksrett:</b>
Sesongkort med hund (rupe+hare)	1000/500/0	14 + 7	8	4
Sesongkort utan hund	990/490/0	7	3	
3-dagars kort med hund	600/---/---	5		
3-dagars kort utan hund	590/---/---			

Resultat etter leverte fangstoppgåver (tal for 2013 i parentes).

Hare: 13 (6) stk. på 37 (57) jakt dagar fordelt på 7 (6) jegerar.

Rupe: 74 (43) stk på 137 (84) jakt dagar fordelt på 26 (23) jegerar.

Bestandsvurdering frå jegerane.

Hare: Medels/dårleg

Rupe: Medels/dårleg

Taksering/oppsyn:

*Jo Halgunset* utførte, som året før rupetaksering i august. Takseringa viste at bestanden er på tur opp, og det vart bestemt å heve fangstgrense att til 2 ruper per dag / 10 ruper per sesong. Styrrar gjekk ein oppsynstur fyrste dagen i fugljakta (15. september) spesielt for å sjå etter om hund vart brukt (tillatt frå 2. september). Ingen hund observert.

### **Reinsjakt**

*Snøhetta:*

Kvote: 4 frie dyr, 3 kluffbuk, 12 simle/ungdyr og 10 kalvar.  
 (Større kvote frå villreintvalet og auke av teljande jaktareal etter revisjon.)  
 Felling: 5 eldre bukkar, 4 eldre simler, 6 ungsimler og 3 kalvar  
 (fellingsprosent=62)

*Rondane nord:*

Kvote: 1 kalv.  
 Felling: Ingen dyr felt.

### **Rådyrjakt**

Lagjakt felt 1 (sør for Raumabanen): *Hans Olav Arnekleiv*  
" " 2 (nord for Raumabanen): *Øivind Holen*  
Kvote: 5 dyr  
Felling: Ingen dyr felt

### **Rovdyrjakt**

Jora Beitelag har fått løyve til utplassering av bås for fangst av jerv ved Lurven.

## **UTLEIGE AV NÆRINGSBYGG**

### **Leigetakarar pr. 31.12.2014:**

Sykehuset Innlandet Ambulansesetasje

Norsk Landbruksrådgivning

Gudbrandsdalen:

Tilsett: *Leif Martin Svisdal* - rådgjevar

Q-meieriene:

Tilsett: *Valeria Khvalynskaya* – produksjonsveileder

## **ØKONOMI**

Rekneskapen for 2014 syner eit overskot på kr 294.441. Det som har påverka resultatet mest er:

- + Tømmerdrift, 1.638 m<sup>3</sup> med rånetto på kr 256.292
- + Overskot ved utleige av næringsbygg, garasje og uthus kr 161.143
- + Sal av grus- og fjellmasser, netto kr 144.510
- Bruksrettsytningar og tilskot kr 381.083

Pr. 31.12.14 var innestående beløp i bank og kasse kr 1.223.141 (opp kr 437.524).

Betalbar kortsiktig gjeld er kr 178.318 (opp kr 53.035).

Kortsiktige krav er kr 163.35 (ned kr 368).

Joramo Næringstun, 25. mars 2015

Tor Ivar Hovhaugholen  
leiar

Birger Brækken  
nesteleiar

Pål-Lasse Torstad

Øivind Groven

Egil Killi

Irene Amundgård

Narve Tveiten  
styrar